

# Referat FAU-møte 12.05.2022

Tilstades:

Adm: Anne Grete Eikås (rektor) og Peder Felde (ass. rektor)

1A	Hallgeir Sandal
1B	Øystein Høvig
1C	Tor-Helge Lien Rasmussen
2A	Inga Rye
2B	
3A	Silje Solvang
3B	Jørn Arne Tomasdard
4A	Malin Hatlenes
4B	Lene Marie Midthjell
5A	Marina Hjelmeland
5B	Jøran Rise
6A	Vivian Steinholm (vara)
6B	Eli-Karin Bergheim
7A	Vibecke E. Løkling
7B	Lillian Kråkenes

## 1 Gjennomgang referat frå forrige møte 25.01.2022

## 2 Informasjon

Oppsummering våren 2022

- Covid: skulen er tilbake til normal drift, det opplevast positivt, særleg for det sosiale
- Grøn integrering: initiativtaker A.J. Haugland har oppretta ein ideell organisasjon for å mellom anna kunne søke på ulike midlar. Midlar ein har fått har blant anna blitt nytta til å lage ein skulehage som fleire grupper nytter seg av. Skulehagen kan også utvidast og utviklast med tida, dersom tid og ressursar tillet det.

- Flyktningar frå Ukraina: Det har kome 18 ukrainske flyktningar til Stad kommune. Foreløpig er det busetjing i Selje og på Flatraket, då der er god tilgang på bustad, barnehageplassar og skuleplassar. Nordfjordeid skule må i planlegginga for neste skuleår, ta høgde for at det kan kome flyktningar også til Nordfjordeid skule i løpet av skuleåret 2022/ 2023.
- Fagfornying: Vurdering av læremiddel frå forлага – bøker og digitale ressursar
- SEFAL – fysisk aktiv læring – hovudsatsingsområde 2022/2023
- Elevrådssaker: Det er ønske om å kjøpe inn betre stolar for dei eldste elevane
- Førskuledag: 18. mai kl. 09.00 – 11.30. Komande 1. trinn blir delt i tre klasser då ein har god erfaring frå same ordning dette skuleåret. Når desse elevane startar i 2.trinn året etter, vil dei bli delte i to klasser.
- 7.trinn avslutning: Overnattingstur i Stigedalen på hausten og avslutningskveld i Eidahallen på våren, der føresette blir inviterte. I Eidahallen blir det program av elevane og matservering etterpå, slik som tidlegare år (før covid).
- Dugnad: Felles dugnad onsdag 01.06. kl. 18.00. Klassekontaktene sender ut informasjon til sine trinn. Kvart trinn får sitt ansvarsområde.
- Rutiner for val av nye klassekontakter. Den som er vara/klassekontakt 2 rykker opp og blir klassekontakt 1 skuleåret 22/23. Det blir valgt ny klassekontakt 2.

### **3 Læringsmiljø, klassemiljø og arbeidsmiljø**

- Skulen har drøfta klassemiljø, læringsmiljø og arbeidsmiljø med samarbeidande instansar, og BUP si klare tilråding er mest mogleg jamne klasser for eit godt klassemiljø og læringsmiljø på sikt. Utfordringa ved Nordfjordeid skule har vore at det på mange trinn kan vere forskjell på både klassemiljø og læringsmiljøet i dei to klassene på trinnet.
- Etter covid har ein hatt høve til å prøve ut gruppe-samansetningar og generelt ha meir samarbeid på tvers av klassene på trinnet. Dette medfører at elevane vil få fleire å spele på og ein kan endre relasjonar som kan ha negativ påverknad i skulesamanheng. Mellom anna har lærarar undervist i stasjonar for blanda grupper og grupper på tvers av klasser i same trinn. Dette har ført til auka trinnfølelse og elevane samhandlar meir på tvers.

- I lys av utprøvinga som nemnt ovanfor, vil Nordfjordeid skule kunne tilrå at 2.trinn får ny inndeling av elevane i A og B for å få jamnare klasser i forhold til både faglege og sosiale behov, og 4. trinn kan få ny inndeling i A, B og C av same grunn.
- Med tanke på eventuell ny klasseinndeling i 2.trinn og 4.trinn kom det mange innspel frå FAU og engasjementet var stort:
  - FAU er opptekne av at det er viktig å bruke tid på prosessen og ikkje forhaste seg dei gjenverande 4 vekene før sommaren for å få det gjennomført frå skulestart hausten 2022. Gode førebuingar med tilstrekkeleg informasjon over tid, vil skape mest tryggleik og forutsigbarhet for elevar og føresette. Det er betre å vente eit halvår/ år ekstra, enn å forhaste seg.
  - FAU peikar på viktigeita av at foreldre og elevar blir høyrd i den grad det er mogleg, og får vere med på å seie si mening om kva som vil vere viktig for seg/ sitt barn i ein slik prosess. Foreldre som har trygge barn i eit trygt miljø, vil truleg bli redde for at deira læringsmiljø vil kunne bli forverra. Samstundes blir det i FAU påpeika viktigeita av at utrygge barn får endre miljøet sitt til det betre. FAU tenker det er positivt at skulen prøver å tenke ut nye måtar å handtere utfordringane i klasser som har eit særleg utfordrande læringsmiljø og klassemiljø.
  - FAU tenker at slike utfordringar (med ujamne klasser på trinnet) truleg kan vere mindre uttalte i framtida, på grunn av dagens nyinndeling i 1. og 2. trinn der elevane blir delte i tre klasser i 1.trinn og sett saman til to jamne klasser i 2.trinn.
  - FAU påpeikar at førebuingane og informasjon ut til føresette, mellom anna bør innehalde
    - kven får elevane med seg i dei nye klassene, får dei velje/ ønske nokon med seg, i kor stor grad vil føresette kunne påverke dette? Får føresette høve til samtale med lærar eller rektor om temaet? I plenum, i større møte?
    - får elevane ny lærar, mange elevar har allereie bytta fleire gonger
    - vil den nye klassa bli meir utrygg/ trygg, særleg vil føresette i klasser med godt læringsmiljø vere uroa for dette. På kva måte har ein planar

å jobbe med klassemiljøet i dei nye klassene for å sikre best mogleg læringsmiljø?

- kva med dei allereie 3-inndelingane som er etablert i 2.trinn og 4.trinn, kan ein halde fram med desse allereie etablerte inndelingane, i staden for å dele dei på nytt enda ein gong?
- tradisjon på Nordfjordeid skule har til no vore at elevar går i den same klassa i 7 år, uansett type læringsmiljø. Kan ein heller arbeide for ei fast ordning med å vurdere nyinndeling når elevane skal over i mellomtrinnet (5.trinn)? Dette vil kunne gje føresette og elevar betre forutsigbarhet. (Dette er allereie innført fast på 2.trinn)

Referent: Inga Rye